

Voss herad

Vilkår for utslepp av oljehaldig avløpsvatn

Miljøomsyn

Voss herad ønskjer å hindre farleg avfall og miljøgifter i å komme til reinseanlegga og vassførekommstar. Oljehaldig avløpsvatn som inneholder t.d. motorolje, smørefeitt, parafin, bensin kan skape problem for biologiske og kjemiske prosesser ved avløpsreinseanlegg. I tillegg kan avløpslammet bli så forureina av miljøgift at det må klassifiserast som farleg avfall og ikke som gjødselprodukt. Dette kan gi store økonomiske konsekvensar.

Sjølv låge konsentrasjonar av olje kan ha negativ påverknad på det biologiske mangfaldet i vassmiljø. Olje frå verksemder som bilverkstad, bensinstasjon, vaskehall for køyretøy o.l. skal difor forsvarleg samlast opp i godkjente oljeutskiljarar og handsamast som farleg avfall.

Krav til utforming, drift og kontroll av oljeutskiljaranlegg

Oljeutskiljaranlegget skal plasserast på hensiktsmessig og lett tilgjengeleg stad for vedlikehald og tømming. Påsleppet skal etablerast og drivast i samsvar med krav i *Forureiningsforskrifta § 15-7*. Oljeutskiljar skal vere godkjent i medhald av krav i NS-EN 858-1 og dimensjonert i medhald av NS-EN 858-2. Oljeutskiljaranlegget, som omfattar sandfang, oljeutskiljar og prøvepunkt, skal utformast, drivast og haldast ved like av fagkyndige slik at det har tilstrekkeleg yteevne. Det skal leggjast særleg vekt på å førebyggja innlekkning av framandvatn (overvatn, drensvatn frå andre installasjoner). Sanitært avløpsvatn skal ikkje førast til oljeutskiljaranlegget. Konsentrerte oljer, bremsevæske og kjølevæske må ikkje ledast til oljeutskiljar, men samlast opp separat og leverast som farleg avfall.

Tømming

Det skal t.d. utførast regelmessig kontroll av oljelagets tjukkleik og om det er naudsynt med iverksetjing av tømming. Sandfang skal tömmast for sand og slam før det er 50 % fullt. Regelmessig tømming og reingjering er av avgjerande betydning for effekten av oljeutskiljaranlegget. Olje som blir halden tilbake i oljutskiljaren blir rekna som farleg avfall, og blir omfatta av *Avfallsforskrifta kap 11, Farleg avfall*. Sandfang og oljeutskiljar skal tömmast minimum 1 gang per år eller oftare ved behov for å kunne overhalde påsleppskravet på 50 mg/l. Det kan søkjast om sjeldnare tömming dersom dokumentert akkumulert mengde olje er lita over tid.

Oljeinnhald, prøvetaking og analyse

Det skal vere lagt til rette for å ta representative prøvar og utføre målingar av avløpsvatnet frå oljeutskiljar. Ved påslepp til kommunalt avløpsnett skal oljeinnhaldet ikkje overstige 50 mg/l. Det skal takast minimum 2 representative prøver av avløpsvatnet frå oljeutskiljaren i året, dvs. kvart halve år. Prøvetaking skal skje ved normal driftssituasjon. Prøvetaking kan med fordel utførast rett før tömming av oljeutskiljaranlegget. Viss analyseverdiane over tid syner

låge og stabile verdiar, og vaske- og avfeittingsprosess er den same, kan det vere grunnlag for å søkje kommunen om redusert antal prøvar. Prøven skal analyserast av laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane. Analysemetodar er nemde i *Forureiningsforskrifa § 15-7*. Prøvetaking og konservering av prøvar skal utførast i medhald av gjeldande standardar.

Kjemikalie/reingjeringsmiddel

Det skal nyttast godkjente kjemikaliar til vask/avfeitting. Voss herad vil oppmode til å nytte miljømerka kjemikaliar, dvs. at dei har eit innhald som lett vert brote ned, ikkje er bioakkumulerbart og ikkje skapar driftsproblem på kommunale reinseanlegg. Det er alle verksemder sitt ansvar å sjå til at tungmetallnivået i avløpsvatnet er så lågt som mogleg. God drift av oljeutskiljar og rett kjemikalieforbruk vil sikre dette. Blanding av ulike kjemikalietypar kan skapa ugunstige seperasjonstilhøve (oljeemulsjonar) i utskiljaren, og grenseverdien på 50 mg olje/liter avløpsvann kan då bli vanskeleg å oppnå. Verksemder som nytta produkt med innhald av kjemiske stoff som kan føre til helse- og miljøskadelege effektar, skal vurdere om det fins betre alternativ. Verksemda skal i så fall velje desse alternativa, viss det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe (jf. *Produktkontrollova, § 3a Substitusjonsplikt*).

Akuttutslepp og varslingsplikt

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak for å unngå eller redusere risikoen for akutt forureining. Beredskapen skal stå i rimeleg forhold til kor sannsynleg det er at akutte, skadelege påslepp kan tilførast avløpsnettet, og omfanget av dei skadar og ulempar som kan forårsakast. Dersom det skulle oppstå akutte påslepp eller utslepp, skal kommunen straks varslast.

Internkontroll

Verksemda skal ha ei skriftleg rutine for drift, vedlikehald og kontroll. Dette skal inngå i verksemda sin internkontroll. Verksemda pliktar å dokumentere ein internkontroll på oljeutskiljaranlegget, jf. *Internkontrollforskrifta*, for å sikre at krava i påsleppsløyve og gjeldande regelverk vert overhaldne. Dette vil verte kravd framvist ved tilsyn. Drift av oljeutskiljaranlegg og internkontroll er nærmare omhandla i *Norsk Vann – rapport 156/2007 Veiledning for oljeutskilleranlegg*. Internkontrollen skal minimum innhalda:

- Oversikt over organisering i verksemda (ansvarsforhold)
- Oversikt over gjeldande forskrifter og løyver
- Beskrivelse av oljeutskiljaranlegget, dimensjonering og berekna nedslagsareal.
Teikningar/situasjonskart etc
- Skriftlege rutinar for drift, vedlikehald og kontroll av oljeutskiljaranlegget
(sjå punkt over)
- Informasjon om kva som ikkje kan tömmast i oljeutskiljaren
- Tømmerrapportar og analyseresultat
- Oversikt over kjemikaliebruk, datablad for nytt kjemikalier
- Varslingsplan i tilfelle akuttutslepp
- Avviksbehandling og korrigerande tiltak

Rapportering

Det vert kravd innsendt årsrapport for oljeutskiljaranlegget. Frist for innsending vert sett til 1. mars kvart år. Rapporten skal innehalde:

- Verksemda sitt namn, org.nr
- Adresse, gnr. og bnr.
- Namn og telefonnummer på kontaktperson
- Analyseresultat for 2 stk representative oljeanalyser
- Tømmerrapport for oljeutskiljaranlegget
- Utførte kontrollar siste år, tilstandsrapport
- Eventuelle endringar i belastninga på oljeutskiljaranlegget (mengd og samansetjing).
- Andre endringar mtp oljeutskiljaren sidan siste rapportering (t.d nytt tømme firma, laboratorie oa)

Tilsyn

Voss herad har *jf. Forureiningslova* § 50 rett til å foreta tilsyn. Kommunen skal til ei kvar tid ha uhindra tilgang til oljeutskiljaranlegget. Kommunen kan krevje å få lagt fram dokument/anna materiale som gjeld oljeutskiljaranlegget og drift av oljeutskiljaranlegget.

Sanitærmelding

Sanitærmelding skal sendast inn Voss herad før arbeid med etablering av oljeutskiljaranlegg blir sett i gang. Søknadsskjema finn ein på kommunen si heimside voss.herad.no.